Førsteblad

I.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag: Øvre bygdi

Oppskr. av: T. Austrumdal

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Mjölk.

1. I eldre tider vart nysilt mjölk aldri brukt. Dei skoma ikkje fløten av mjölki fyrr ho var vorten skyr. I desse eldre tiderne hadde dei berre flust med mjölk um sumaren, um haust og vinter var det mange stader so lite mjölk, at greidde dei det mest naudsynte mjölkebruk i huskaldet, so var det godt. Dette kom seg av at dei skulde laga mjölki på beite um sumaren, og dei let då kyrne kalva på vårparten, so slutta dei mjölka når dei vart innsette um hausten. I eldre tid tok dei draule av den meste mjölki, for dei livde mykje av mjölkemat. På den måten vart det mykje mysa og denne er godt tostadrikka, men mysa kokte dei mykje ned til myssmör, og dette myssmöret hadde dei haust og vinter til surogat for mjölk.

No for tidi er produsjonen av mjölk mykje större enn fyrr, og sjölv um dei sender mjölki til meieriet no, so vert det likevel meir mjölk til bruk i huskald og tildrykk enn fyrr

5388

2. Ja sosant det var mjölk å få.

3. Saup og bleng er godt tostadrikka, likeeins myssmör blanda i vatn og ~~likeeins~~ saup blanda i vatn. Det vert saktens brukt eindel av desse drikkene notildags og.

Öl.

4. Me veit at sume gardmenn i bestefars tid brygde öl til slåtten, men ålment var det ikkje. Me veit og at skulde tyste arbeidsfolk få drikka seg utyssta vart snart ålet uppdrukke, so dei fekk nokk greida seg med å få ein bolle av og til

Kaffi

5. Me veit no, at kaffien kom hit til bygdi i fyrstningen av 1800 talet, men at
6. han ikkje vart nytta som dagleg drikk i matstellet fyrrenn i 80-90 åri.
7. Til morgonsmaten og til nonsmaten
8. Nei dette greider ikkje eg å svara på, då kvar kaffikokar hev sin måte å gjera det på og alle påstår at deira er den beste. Hev dei som spår i gruten nokon regel å gå etter, so er dei ikkje so nautne, at dei fortel dette til nokon.
9. Dei rette kaffidrikkarne vil ikkje skjemma ut din gode smaken med sukker, andre tykkjer at kaffi og sukker höyrer saman. Frå fyrst av var brunt kandis-sukker brukt, no er det raffinade som er kaffisukkeret.
10. Det mest vanlege er at ein hev

5388
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fløyte i kaffien, men sume drikk han svart. Vispa egg i kaffien kjenner me ikkje til.

## Te.

11. Te til kvardags her i bygdi, er nok ikkje vanlegt, det er heller ikkje lenge sida denne drykken vart teken ibruk.

Te av karve, og av nypor er brukt og smakar godt.

## Brennevin.

12. Det er ingen som kjenner til at brennevin hev vore nytta til kvardags og under nokoslags arbeid

## Nyare drykk.

13. I lag og festar vert desse øl-sorterne bruka, men til kvardags-drykk er dei ikkje enno tekne ibruk

5388
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING